

*VELKOMNE TIL ÅRSMØTE*

*2023*

*ÅRSMELDING FOR VJFL*



## **Årsmøte Voss Jeger- og Fiskarlag 2023.**

Årsmøte vert helde hjå Smalahovetunet den 16. februar, kl. 18:00

### **Saksliste:**

1. Val av ordstyrar, referent og tellekorps.
2. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen.
3. Godkjenning av innkalling til årsmøte.  
( Hordaland Lørdag 13. januar., Portalen til NJFF/VJFL, FB)
4. Årsmelding frå siste arbeidsår.
5. Rekneskapen for siste arbeidsåret.
6. Val.
  - a. Val av styre og utval.
  - b. Val av valkomite på tre medlemmer.
  - c. Val av revisor(er).
  - d. Eventuell utnevning av æresmedlemmer.
7. Medlemskontingent.
8. Innkomne framlegg/saker.
  - a. Jakt i Holmen. Avtale gjekk ut i 2023.
  - b. Forberede 100-års jubileum til VJFL 2029.
  - c. Innlegg av Ole Kr. Skorve.
9. Årsmøte avslutta.

### **Styret har i 2023 bestått av:**

Leiar:	Jan Chr. Jersin
Nestleiar:	Geir Johansen
Kasserar:	Odd Henry Hommedal

Studieleiar:	Cato Vivås
Kvinnekontakt:	Turid Soldal
Skrivar:	Bente Fenne
Leiar jaktutvalet:	Håvard Lien
Leiar fiskeutvalet:	Geir Johansen
Leiar skytebane:	Jan Chr. Jersin
Leiar barne- og ungdomsutvalet:	

#### Styreleiar:

Styret har vert samla til 3 styremøte i 2023. Men det har også vert mykje dialog som går via e-post og telefon. Laget har no 427 aktive medlemmer, og 1.4K følgjarar på Facebook. Det har vert bra oppslutting rundt aktivitetane til laget. Veldig kjekt at me hadde gode isforhald under isfiske, og fekk overrekka Terje Røthe's minnepremie for beste dame/jentefiskar for fyrste gong. Det har og vert eit bra oppmøte på skytebanen, sjølv om året vart litt amputert med rigging til LS. Opplæringsjakta har vert bra i år, og alle som var med for fyrste gong, fekk hjortekjøtt med seg heim. Laget fekk moglegheit til å gå inn på ein lakseavtale i Gudvangen, men prisen og aktivitet/oppslutting i fiskeutvalet gjorde at dette vart vanskeleg å gjennomføra. Laget har ei utfordring når det gjeld rekruttering på fiskefronten, og det er utfordrande for ungdomsutvalet då laget ikkje har nokon som ynsker å ta på seg leiarvervet. Jegerprøvekurs er ein godt og nødvendig kurs, og der ser me at nye jegerar kjem på skytebanen for å trene, og forbereder seg til haustjakta.

Vossalaksen er så å seie vekke, og klekkeriutvalet har i lag med stiftelsen Voss klekkeri gjort ei kjempeinnsats for å snu, eller opplysa forvaltninga, at dei er på ville vegar. Ole Kristian Skorve kjem med eit innlegg seinare i årsmøtet.

Laget har søkt om gåve til prosjekt kjølerom/container, og fekk tildelt 50 000 kr frå Sparebankstiftinga Hardanger, men den vart ikkje nytta.

Saker styret har jobba med:

\*Laksefiske i Gudvangen.

\*Koordinering opp mot LS 2023

\*Kjølecontainer til laget.

\*Oppdatert heimesida vår på den nye portalen til NJFF. Her har me endå meir å gjera.

## **Årsmelding fiskeutvalget frå året 2023**

*Vossameisterskapen i isfiske vart helde i mars med over 50 deltakarar. Stemnet vart halde på Lønaisen ved Smalahovetunet.*

*Som vanleg på denne tida, var det dårleg bet midt på dagen. Men mange fekk fisk. Vossameister vart Turid M. Farestveit med 2,5 kg . Turid fekk napp i vandrepremie, og ho vant Terje Røthes minnepremie for beste dame/jente fiskar. Me håper at det vert gode forhold for isfiske vinteren 2024.*



*Barnas fiskedag vart som vanleg halde på Nesthus ved Vangsvatnet i august. 15 småtassar pluss foreldre og besteforeldre stilte opp. Garna som var sett ut*

*kvelden før, vart trekt opp, og fisken blei så delt ut til dei som ville ha med seg heim. Etter garntrekking vart det grilling og premieutdeling. Alle koste seg i bra vær, og på ein flott plass.*



*Vossolaksen.*

*Her er det vel berre eit ord som passer: trist. Reknar med at nokon i klekkeriutvalet kjem med ei utgreiing til årsmøte om ståa. Men eg vil takke Ole K. Skorve som har stått på for klekkeriet og laksen.*

*Lagsbåten.*

*Den ligg forsatt i Sendedalen, og blir brukt til oppfisking og fisking i vatna her.*

*Nærøydalselva.*

*Laget fekk tilbod om å leige nokre rettar i Gudvangen. Men dette er ei elv der prisane for døgnkort ikkje står i samsvar med prisane et jeger- og fiskarlag bør ha. Dette skal og organiserast på ein god måte, men ingen ville ta på seg den oppgåva. Så styret takka høfleg nei til tilbodet i denne omgang.*

*Leiar fiskeutvalget*

*Geir Johansen*

## Årsmelding for styret for Stiftelsen Voss Klekkeri 2023

Det har heller ikkje i 2023 vorte produsert fisk i klekkeriet, og utsiktene til å få starta oppatt med smoltproduksjon verkar heilt fråveranda per no. Stamfiske/ forskningsfiske viser at laksen i vassdraget er på eit meir enn kritisk lågt nivå.

Resultatet av stamfiske 2023 er følgjande ( tala i parentes er for 2021 )

**2 stk. laks frå kultivert smolt utan feittfinne ( 51 stk)**

**3 stk. villaks med feittfinne (19 stk )**

**1 stk. oppdrettslaks ( 6 stk )**

Me har brukt 350 timar med stongfiske for å få tak i desse 6 fiskane. Det vert 58 timar per fisk. Den vidare planen til forvaltinga er no å tilbakeføra rogn frå genbanken, og planta denne ut i Strandaelva og Raundalselva. Tilsaman ca. 300 000 rognkorn.

Rognplanting er gjennomført i fleire forskjellige elvar, men med svært dårleg resultat i fleire av desse, eit eksempel er Modalselva. Utsiktene for Vossolaksen er med andre ord dårlegare enn nokon gong, trass i at det er brukt fleire hundre millionar på å berga stamma.

Klekkeriutvalet.

## Rapport frå studieleiar frå året 2023

Året 2023 vart det arrangert to jegerprøvekurs, eitt i januar og eitt i mai. På kurset leigde me inn Knut B Horvei, som er lærar ved villmarkslinja ved Voss vidaregåande skule, og utdanna jegerprøveinstruktør. Dette kurset hadde me på Voss vidaregåande skule. Det andre kurset i mai hadde Cato Vivås åleine på ungdomsskulen. På det fyrste kurset var det 28 deltakarar, og blant desse 2 damer og 10 under 18 år. På kurset i mai var det 15 deltakarar, og her var det 2 damer og 4



ungdomar. Det var mange påmelde i mai, men grunna blant anna konfirmasjonar var det mange avmeldingar.

Kursa går over to helger, og siste laurdagen er det praktiske øvingar med blant anna skyting. Då er det kjekt at me har trygge og gode standplassleiarar som hjelper oss. Dei hjelper til og passar på, slik at skyteopplevinga vert kjekk for alle.

Siste kursdag er tema: Behandling av felt vilt. Då fekk kandidatane flå rype, skjere ut hjarte og brystfiletar og så steikte me det på stormkjøkken.



Me har eit veldig godt samarbeid med Ingmar Slettemark, som er Voss herad sin representant for jegerprøve-eksamen. Han er ein god støttespelar og har ansvar for eksamen. Eg må også nemna det gode samarbeidet med kasserar Odd Hommedal.

Mange som tek jegerprøvekurs hjå oss vert medlemar i VJFL. Dei kan då bruke det flotte anlegget vårt på Skjerve til reduserte prisar, og bli aktive medlemar. Det er viktig at me brukar tid på dei nye, medlem eller ikkje medlem, og tek dei godt imot. Dette er ein ypparleg måte å rekruttere nye medlemmar til laget. Me er eit stort lag, og det krev mange aktive medlemmar for å drifte alt.



Studieleiar Cato Vivås

## Årsmelding hundegruppa frå året 2023

Laget hadde ingen leiar for arbeidsåret 2023. Men me gjennomførte to aversjonskurs. 3 stk. av våre instruktørar har vert på oppdateringskurs i år.

Elin D. Veseth tok seg av kortsal av rypejakt i Holmen.

Det er seld 11 jaktkort/dager i Holmen.

Det er ikkje rapportert om observasjon av kull, men på desse 11 jaktkorta er det sett 5 ryper, 6 ryper, 2 ryper, 1 rype. Ingen felt vilt er meldt inn.

## Årsmelding skytebanen frå året 2023

Rett før påske hadde me oppdateringskurs på kompak banen med Jon Håkedal. Samtidig installerte me duekortsystem på begge haglebanane. Dette gjer at det blir enklare å styre skyteaktivitet på standplass, samt at det minimerer duesvinnet på banane. Me har og skaffa oss Leirduenett, slik at 100-skudds stemnet blir lettare å gjennomføra. Etter fleire dugnadar på våren, starta me opp med skyting 17. april. 100-skudds stemnet i vår måtte avlysast, då det kom i konflikt med LS og Voss skyttarlag. Samstundes har me vert med å hjelpt Voss skyttarlag med å leggja ned trekkerør til fiber på begge haglebanane, og sørga for betre infrastruktur i anlegget. Opprigging til LS har hinda oss i å bruke elgbanen og deler av dei faste skivene, samt låst jegertrap banen i lengre periode i skytesesongen. Dette er saker som me må ta opp ved neste LS 2028. Elg-cup blei ikkje gjennomført i år p.g.a. LS. Men me prøver til att 15-16 juni 2024, og håper at det kjem fleire vossingar og deltar i år etter at me har fått øvd litt på elgen.

Audun Hervik døydde brått og uventa i heimen den 25. mai. Han var standplassleiar på riflebanen til Skjerve Elg- og Leirduebane, og han hadde si siste vakt 3. mai. Signe minnet. Laget sendte ein bårebukett som siste helsing.







Sesongens fyrste jaktfelt skyting gjennomført, 12 stk. totalt.

### **Junior**

Nr.1 Kåre Magnus Tvedt- 9inn. 45p.

Nr.2 Andreas Andersen Hagen- 8inn. 41p.

Nr.3 Sverre Berge Grindedal- 5inn. 26p.

### **Senior Damer**

Nr. 1 Kristense Grønsberg 7inn. 38p

### **Senior Menn**

Nr.1 Morten Hårklau- 17inn. 79p

Nr.2 Truls Langhelle- 14inn. 70p

Nr.3 Yngve Landro- 12inn. 64p

Bilde av dei premierte:

Frå.venstre

Truls Langhelle.2 menn 🏆

Kristense Grønsberg.Nr 1 damer 🏆

Kåre Magnus Tvedt Nr.1 Junior 🏆

Morten Hårklau Nr.1 menn 🏆

Yngve Landro Nr.3 menn 🏆 (var ikkje til stades under premie seremonien)



Øvrige skyttarar:

Jan Magnus Hagen 62p. Leif Bjørn Grindedal 49p. Anders Voss Thingnes

47p. Håvard Lien 46p. Aria Lien 23p.

## Lagsmesterskap i jaktfeltskyting blei gjennomført den 9. juni.

Jan Chr. Jersin tok sigeren med 68p og fekk og eit napp i vandrepokal.

Veteran:

1. Jan Skørve 32p
2. Dagfinn Gjerme 25p

Senior

1. Jan Jersin 68p
2. Rune Soldal 61p
3. Morten Hårklau 53p
4. Jon Tore Veka 51p
5. Leif B. Grindedal 50p
6. Johannes Gjerstad 50p



## Lagsmesterskap i elgbaneskyting blei gjennomført den 10. juni.

Morten Hårklau tok sigeren med 87p og fekk og eit nytt napp i vandrepokal.

Veteran:

- Dagfinn Gjerme 36p

Senior:

1. Morten Hårklau 87p
2. Jan Jersin 86p
3. Leif Bjørn Grindedal 83p
4. Frode Stalheim 56p



**Lagsmesterskap i jegertrap og Compact blei gjennomført den 10. juni.**

Lagsmeister jegertrap blei Halvard Lid med 44 treff.

Lagsmeister Compact blei Kjartan Saue med 43 treff.

Trond Johansen vann veteranklassen i begge greiner.

Det gratuleres



**100-skuddsstevne gjekk av staben 26. august.**

15 skyttarar frå Karmøy i sør til Askvoll i nord var med på 100-skuddsstevne jegertrap. 2 mann fekk 94 treff, og det blei omskyting om stemneseieren. Desse var Terje Johansen, Askvoll og Trond Johansen, Voss. Etter 4 omskytingar vann Trond Johansen, frå Voss JFL. Ellers fekk me skryt av anlegget for flotte og gode baner. Neste år kjem det nok fleire, me gleder oss.



Skytebaneleiar, Jan Christian Jersin.

## Årsmelding 2023, Kvinneutvalet frå året 2023



### Leirdueskyting

Damene har hatt ein dag med leirdueskyting denne sesongen.

27. mai møtte 10 damer opp, både nybyrjarar og meir erfarne.

Me hadde ein kjempefin dag på skytebanen, med mykje god skyting og god stemning.



Turid Soldal, kvinnekontakt

# Årsmelding frå jaktutvalet frå året 2023

## Hjortejakt på Mykkeltveit 2023

Det har også dette året vert opplæringsjakt i terrenget på Mykkeltveit. Tilbodet blei annonsert via jegerprøvekursa, gjennom vår nettside og FB. Det var fire deltakara som meldte si interesse. I år har det vert med 4 stykk jegerar på opplæringsjakt. I år starta me med eit møte der me gjekk igjennom blant anna, sikkerheit ved jakt, gjennomgang av kart over terrenget me skulle jakta i og korleis jakta er planlagt gjennomført.

Opplæringsjakta blei oppsett på 5 helger. Fyrste helga med jaging i Vossadalen og postrekke førte til fleire kontaktar med dyr for jegerane som var opplæring. Felling blei det til slutt på Sindre, ein av dei som var med på opplæring. Her blei det felt ei kolle. Så starta arbeidet med vombing av dyret, transport ut av terrenget og slakting. Påfølgjande helger blei det felt fleire dyr der gjengen på opplæringsjakt fekk fleire høve til å erfare jakt og behandling av felt vilt.

Ny grunneigar kom til Mykkeltveit i november og det er blitt oppretta kontakt med dei med ynskje om vidare samarbeid, her er det ingen avklaring i skrivande stund.

Med oss til å gjennomføra opplæringsjakta hadde me : Jan Christian Jersin, Jan Michael Rolland, Jan Egil Brunborg, Nils Hirth, James Orford, Morten Hårklau og Håvard Lien.

**Tusen takk for dekans bidrag, utan denne hjelpa... ingen opplæringsjakt.**





### **Jakttid**

2.september til 23. desember

### **Tildelt dyr**

Mykkeltveit jaktfelt hadde hausten 2023 rett til å fella:

1 bukk, 1 kolle, 1 spissbukk, 3 ungdyr, og kalv fri avskyting.

### **Organisering av jakt**

Det blei satt opp samjakt kvar helg i perioden 2 sep. til 1.okt. der me hadde opplæringsjakt, og alle deltok etter avtalt opplegg. Terrenget fekk «kvila» i vekedagane. Instruktørar betalte når dei blei tildelt kjøtt.

Etter 1.okt. kunne ein jakta sjølvstendig alle dagar, samt fleire jegerar kunne melde si interesse. Nye jegerar betalte før jaktstart.

Etter 1. des. opna jakta opp for fleire jegerar viss det gjenstod dyr. I år var det dyr igjen på kvoten. Dette for å sikre at kvote blei fullt. Her var det ingen som nytta seg av dette tilbodet.Totalt blei det jakta 22 dagar.



### **Fordeling kjøtt**


Det blei felt 4 dyr, 1 vakse kolle, 1 hann kalv, 1 ung kolle og 1 vaksen bukk.

Grunneigar fekk eit dyr som betaling. Dette var etter ynskje frå grunneigar dyr nr.2 som blei skutt

Ved felling av dyr fekk skyttar eit halvt dyr. Andre halvdel blei trekt mellom jegerar som er på opplæringsjakt, når desse hadde fått kjøtt blir det trekt mellom øvrige jegerar som ikkje har fått kjøtt.

Kvar jeger fekk maks eit ½ dyr og pris per halve dyr var kr 2000,-





Jaktutvalet Håvard Lien

## **Årsmelding Ungdomsutvalet frå året 2023**

Laget hadde ingen leiar for arbeidsåret 2023.



## 5. Rekneskap frå siste arbeidsår.



Skjerve Elg og  
Leirduebane - Resulta



Skjerve Elg og  
Leirduebane - Balanse



VJF -  
Resultatrekneskap 20.



VJF - Balanse  
2023.pdf

## 6. Val av styret

- Val av styre og utval.
- Valg av valgkomite på tre medlemmer.
- Eventuell utnevning av æresmedlemmer.



Val for 2024.pdf

## 7. Medlemskontingent

Landsmøtevedtatt øvre kontingentramme

Kategori	Sentralt	Fylke	Forening	Totalt
Hovedmedlemskap med Jakt & Fiske lav	590	95	60	745
Middels	590	95	135	820
Høy	590	95	210	895

## 8. Innkomne saker

- a. Jakt i Holmen. Avtalen gjekk ut i 2023.
- b. Forberede 100-års jubileum til VJFL 2029.
- c. Innlegg av Ole Kr. Skorve

## 9. Årsmøtet avslutta

